



Hafslø Idrettslag

Innleiing

Dette er ei oppdatering av [«Anleggsplan Hafslø IL 2023–2027»](#) som vart vedteken på årsmøtet til Hafslø IL 21.02.2023 og som var grunnlag for innspel til [«Kommunal plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv i Luster kommune 2024 – 2036»](#). Revidert plan er meint som eit innspel til komande planarbeid i Luster kommune, og eventuelle endringar i prioriteringar på årsmøtet for Hafslø IL 12.02.2026, jf. punkt 8 nedanfor.

1. Føremål

Anleggsplanen skal gi oversikt over eksisterande anlegg, anlegg under arbeid, planlagde anlegg og ønskje om nye anlegg, og vise til Hafslø IL sine prioriteringar framover og i komande planperiode i kommunale planar.

2. Eksisterande anlegg – hovudoversikt

Hafslø IL eig eller driftar fleire idretts- og nærmiljøanlegg. Dei fleste er i god eller brukbar stand, men fleire av anlegga krev mykje innsats og jamnleg vedlikehald. Når det gjeld anleggsnummer for dei ulike anlegga nedanfor, viser vi til gjeldande Anleggsplan Hafslø IL vedteken 21.02.2023 og til lenkje under «Innleiing» ovanfor.

Viktige anlegg som Hafslø IL eig og som vi har ansvar for å vedlikehalde og drifte per 31.12.2025:

- **Hafslø stadion, Moane** (grasbane, grusbane, klubbhus, tribune, lysanlegg Hafslø stadion som vart realisert i 2025). Behov for større vedlikehald av grasbane og klubbhus.
- **Fotballbane kunstgras 7'ar** ved Hafslø BU-skule inkl. lysanlegg. Behov for vedlikehald. Kunstgrasdekket må snart fornyast.
- **Orienteringskart** (Oklevikmarka, Mollandsmarka, Moane, Gaupne, Hafslø skule)
- **Trimløyper, sandvolleyballbane på skuleområdet i sentrum og kioskbygg i Moane**
- **Grillhytte/gapahuk ved kunstgrasbana i sentrum.** Nytt og i god stand – samarbeid med Hafslø Bygdelag, 4H og andre – viktig å ta vare på i fellesskap.
- **Hestesportanlegg på Fluga.** Nytt anlegg og i god stand – samarbeid med Hafslø Sogelag om aktivitet.

3. Anlegg under arbeid

Følgjande anlegg har godkjende spelemiddelsøknader og er under gjennomføring:

Anleggsplan Hafslo IL 2026–2031



- **Heilårs hoppbakker K5, K10 og K19** med lysanlegg ved Sogn Skisenter (ferdigstilling 2026)
- **Sprint- og rulleskiløype med lys ved Sogn Skisenter** (ferdigstilling 2026/2027)

4. Anlegg som tidlegare er meldt inn behov for og som ligg som prioriterte anlegg i gjeldande anleggsplan for Hafslo IL 2023-2027. Anlegga ligg også som både prioriterte og uprioriterte anlegg i Luster kommune sin gjeldande «Kommunal plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv i Luster kommune 2024 – 2036», jf. lenkje under «Innleiing» ovanfor:

- **Hoppbakke K45 ved Sogn Skisenter**
 - Avhengig av avklaringar om eigarskap, drift og kostnader med Sogn Skisenter
 - Krev godkjenning på årsmøtet til Hafslo IL og på generalforsamlinga til Sogn Skisenter for å kunne realiserast.
 - Ligg inne med spelemiddelløyving i gjeldande kommunale handlingsplan med spelemiddelløyving i 2027
- **Rekrutteringsanlegg for alpint og friski i Banktrekket ved Sogn Skisenter**
 - Viktig for rekruttering og framtidig utvikling
 - Vidare planlegging og realisering i samarbeid med Sogn Skisenter
 - Trass høg prioritering i anleggsplan Hafslo IL 2023-2027 og innspel frå Luster Idrettsråd kom ikkje anlegget med i kommunal handlingsplan 2023-2027.
- **Fleirbrukshall på Hafslo**
 - Stort behov for Hafslo IL, andre lag og organisasjonar i Hafslo og Luster kommune og skule/barnehage.
 - Avhengig av kommunal støtte og politisk vilje. Viktig at areal vert regulert til føremålet som er sett av i pågåande planprosess med områdereguleringsplan for Hafslo sentrum
 - Hafslo IL bidreg i planlegging og framtidig drift, og nemnda for fleirbrukshall er involvert
 - Prosjektet er stoppa opp og forskyvd i økonomiplanen for Luster kommune pga. usikkerheit kring kostnader knytt til helse- og omsorgssenter i Gaupne.
- **Rehabilitering og utviding av klubbhuset i Moane**
 - Bygd i 1984 – stort behov for oppgradering og større plass. Har ordna mellombels kommunal vassforsyning, oppgradering av elektrisk anlegg og varmtvannstankar og diverse utskiftingar i garderober siste åra.
 - Ønskje om universell utforming og nye garderober.
 - Eksisterande klubbhus treng også utvendig vedlikehald og oppgradering.
 - Er kome innspel om å rive tribuneanlegget og bygge klubbhus, garderober og nytt tribuneanlegg på det arealet.
- **K65/70 på Sogn Skisenter**
 - Låg prioritering i anleggsplan 2023-2027. Men anlegget bør vere med vidare.

Anleggsplan Hafslo IL 2026–2031



- **Kunstgrasbane 11ar på Hafslo stadion i Moane**
- Låg prioritering i aneggsplan 2023-2027. Men anlegget bør vere med vidare.

5. Nye anlegg spelt inn til årsmøtet Hafslo IL 12.02.2026

- **Fotballhall i Luster kommune, primært i Hafslo sentrum**
- **Tidtakarbu/stadionbygg langrenn Sogn Skisenter**
- **Garasjebygg for løypemaskiner og utstyr Sogn Skisenter**

Det er i tillegg kome utfyllande og oppdaterte opplysningar om følgjande anlegg nemnt under punkt 4 ovanfor: Hoppbakke K45 ved Sogn Skisenter, rekrutteringsanlegg for alpint og friski i Banktrekket og rehabilitering og utviding av klubbhuset i Moane.

Nærare omtale og detaljar om anlegga nemnt under punkt 4 og 5 følgjer av vedlegg 1 nedanfor.

7. Vidare arbeid

Styret i Hafslo IL har ansvar for oppfølging av planen i samarbeid med særgrupper, nemnder, Sogn Skisenter og Luster kommune.

På årsmøtet til Hafslo IL 12.02.2026 skal oppdatert anleggsplan 2026-2031 vedtakast, med kva anlegg som idrettslaget ønskjer skal prioriterast framover. Prioriteringane som vert vedtekne på årsmøtet går fram av punkt 8 nedanfor.

8. Hafslo IL sine prioriterte anlegg 2026 - 2031

På årsmøtet til Hafslo IL 12.02.2026 vert det vedteke prioritering av anlegg i komande planperiode, som skal spelast inn til den komande kommunale planprosessen framover.

På grunnlag av innkomne innspel gjer styret etter styremøte 02.02.2026 framlegg om at Hafslo IL skal spele inn følgjande prioriteringar av anlegg framover i gjeldande og komande planperiode. Nærare beskriving av anlegga og behovet følgjer som vedlegg 1 nedanfor.

1. Fotballhall Hafslo

- dette er spelt inn som eit nytt anlegg og i utgangspunkt eit kommunalt prosjekt som er avhengig av politisk vilje og løyvingar frå Luster kommune.
- styret oppfatar at det er mange i Hafslo IL som ønskjer eit slikt anlegg.
- det er eit anlegg som det er stort behov for både for Hafslo IL og i Luster kommune og som kommunen ikkje har frå før.
- til prosess med områderegeringsplanen for Hafslo IL er det sendt inn ønskje om eit slikt anlegg i tilknytning til eksisterande kunstgrasbane i sentrum, t.d. med overbygg over kunstgrasbana i sentrum. Og at det vert sett av mest mogleg areal til føremålet før planen vert vedteken.

Anleggsplan Hafslo IL 2026–2031



- erfaringar frå Kaupanger, syner at det er fullt mogleg å få realisert eit slikt anlegg raskt og med ein betydeleg lågare kostnad enn ein fleirbrukshall som er sett på vent.
- Anlegget bør kome inn med moglegheit for spelemiddelløyving i kommunale handlingsplanar så snart det er mogleg.
- Det vert elles vist til beskrivinga av anlegget i Vedlegg 1 nedanfor.

2. Rekrutteringsanlegg for alpint og friski i Banktrekket ved Sogn Skisenter

- dette er eit anlegg som vart prioritert høgt av Hafslo IL i førre innspelsrunde. Anlegget kom likevel ikkje med i gjeldande handlingsplan for Luster kommune 2023-2027.
- anlegget har ein totalkostnad på 4,6 - 5,3 millionar kroner, inklusiv snøproduksjon og lysanlegg.
- det er mellom anna utarbeidd utkast til driftsavtale med Sogn Skisenter, med framlegg om at Sogn Skisenter står som søkjar, medan Hafslo IL har ansvar for prosjektering og finansiering. Hafslo IL har ein god dialog med Sogn Skisenter om dette, og styret ønskjer at dette anlegget skal prioriterast i gjeldande planperiode, dvs. at det kan sendast spelemiddelsøknad så snart som mogleg, gjerne ved omprioriteringar i gjeldande kommunal handlingsplan i 2026 eller 2027 pga. behovet som følgje av rekrutteringa til aktiviteten som har vore dei siste åra. Så må sjølvstilt anlegget realiserast i samarbeid og dialog med Sogn Skisenter.
- Det vert elles vist til beskrivinga av anlegget i Vedlegg 1 nedanfor.

3. Rehabilitering og utviding av klubbhuset i Moane

- dette er eit anlegg som har veldig stor aktivitet gjennom fotballsesongen
- i 2025 fekk vi på plass lysanlegg på Hafslo stadion. Vi har også gjort naudsynte oppgraderingar.
- anlegget treng eit nytt og større klubbhus med garderobefasilitetar for å legge til rette for aktiviteten framover.
- kostnader er framleis litt usikre, men dette vert det jobba med framover mot innspelsfristen til Luster kommune 1.mai 2026. Stipulert kostnad på totalt inntil kr.10 millionar og søknad gjennom spelemiddelordninga bør vere overkomeleg. Oppgradering av dette anlegget bør derfor få plass i Luster kommune sin handlingsplan med løyving tidleg i neste planperiode.
- Det vert elles vist til beskrivinga av anlegget i Vedlegg 1 nedanfor.

4. Fleirbrukshall Hafslo

- dette er eit anlegg som det er stort behov for på Hafslo gitt folkeveksten dei siste åra.
- dessverre har prosjektet stoppa litt opp, pga usikkerheit med økonomi i Luster kommune.

Anleggsplan Hafslo IL 2026–2031



- det er sett av areal for anlegget i pågåande planprosess med områdereguleringsplanen for Hafslo sentrum.
- styret vurderer likevel at usemje om konkret innhald og areal, tilseier at dette anlegget vert med vidare i kommunale planar med løyving i neste planperiode.
- Det vert elles vist til beskrivinga av anlegget i Vedlegg 1 nedanfor.

5. Anlegg knytt til langrenn ved Sogn Skisenter (tidtakarbu/stadionbygg og garasjebygg for utstyr)

- no er endeleg arbeidet med etablering av rulleskiløype på Sogn Skisenter godt i gong.
- det er kome nytt innspel om å etablere tidtakarbu/stadionbygg og garasjebygg for utstyr i samband med dette.
- viktig at desse anlegga kjem inn i anleggsplanen og den kommunale handlingsplanen etterkvart, og at vi har ein god dialog og samarbeid med Sogn Skisenter om realisering av desse anlegga.

6. Hopp K45 Sogn Skisenter

- dette anlegget ligg inne i kommunal handlingsplan med spelemiddelløyving i 2027.
- det er lagt ned ein enorm dugnadsinnsats for å få realisert rekrutteringsbakkane som heilårsanlegg ved Sogn Skisenter.
- styret har forståing for at det nedlagde hoppanlegget i Kvamsbakken ikkje er endeleg fullført flytta før K45 og K60/70 er etablert ved Sogn Skisenter.
- trass rekrutteringsbakkane, er det kome innspel om at ein større K45-bakke må snarleg på plass då dette er naudsynt for å oppretthalde rekrutteringa og utvikling av hopparar.
- bygging av K45 vil krevje mykje dugnadsinnsats i samband med realisering, og krev samarbeid og dialog med Sogn Skisenter når det gjeld drift og vedlikehald. Styret har fått klare signal om at Sogn Skisenter ikkje har kapasitet og ressursar til å bidra med eit slikt anlegg i nær framtid, og ønskjer derfor at dette anlegget vert flytta ut av gjeldande handlingsplan i Luster kommune og vert vurdert for prioritering i komande kommunale handlingsplan 2028-2031.
- samstundes er dette eit anlegg som er klart for spelemiddelsøknad, dersom Hafslo IL, Sogn Skisenter og Luster kommune gjer vedtak om dette.
- styret veit at det er ulike syn og sterkt engasjement kring anlegget. Men slik den faktiske situasjonen er, så er det for styret sin del urealistisk at dette anlegget skal prioriterast høgt samanlikna med andre anlegg som det er større behov for framover.
- det har vore lagt ned enorm dugnadsinnsats av eldsjeler i hoppgruppa gjennom mange år. No må aktivitet og rekruttering i dei flotte rekrutteringsbakkane ved Sogn Skisenter som er realisert vere i fokus, og så må dette styre prioriteringane av når K45 kan realiserast på årsmøta i Hafslo IL framover.

7. Hopp K65/70 ved Sogn Skisenter

Anleggsplan Hafslo IL 2026–2031



- bør vere med vidare som uprioritert anlegg i den komande kommunale planperioden, sjølv om det ikkje er realistisk med realisering av anlegget per i dag

8. Kunstgras 11ar på Hafslo stadion i Moane

- er ikkje realistisk å få etablert eit slikt anlegg slik situasjonen er i dag med usikkerheit kring gummigranulat og at det nyleg er etablert eit slikt anlegg i Gaupne

- anlegget bør likevel vere med som uprioritert anlegg i den komande kommunale planperioden i tilfelle situasjonen endrar seg i åra som kjem



VEDLEGG 1 – omtale av prioriterte anlegg nemnt under punkt 8

Fotballhall på Hafslo (nytt innspel til årsmøtet 12.02.2026)

Det er frå Fotballgruppa si side kome nytt innspel med ønskje om fotballhall på Hafslo. Dette er noko som ikkje finst i Luster kommune per i dag. Førebels er følgjande spelt inn per e-post 19.01.2026 om eit slikt anlegg knytt til arbeidet med den pågåande områderegeringsplanen for Hafslo sentrum:

«Arealdiskusjonen og plassering av ein fleirbrukshall har vore eit tema i samband med områderegeringsplanen i Hafslo sentrum. Pga dette har skisserte planar for fleirbrukshall so langt ikkje vore dekkande for ballidrettane, og særleg fotballen, sitt behov på vinterstid mtp. areal. Hausten 2025 og treningstider i vinter viser at det er sprengt kapasitet i gymsalen på Hafslo, og er ei større utfordring enn nokon gong. Så det hastar å få på plass ein hall på Hafslo så snart som mogleg som gjer at det er mogleg å drive aktivitet innandørs året rundt. I denne samanheng vil vi vise til at det no er fleire innbyggjarar på Hafslo enn i Gaupne, og bygda er i stor utvikling. Dessutan er det kort avstand til Gaupne, og deltaking på alpintreningane på Sogn Skisenter dei siste åra, og samarbeidet mellom idrettslaga når det gjeld fotball og handball, har vist at avstand frå bygdene i Luster kommune ikkje er noko hindring for at alle i Luster kommune kan nytte ein slik fotballhall.

Hafslo IL er utfordra på arealbehov. Vi har i dag ei kunstgrasbane i sentrum på 40x60 meter. Innspelet til Hafslo IL går ut på at det er fullt mogleg å bygge ein kaldhall rundt denne, med tilleggsfunksjonar som enkelt garderobeanlegg og t.d. squash-hall og klatrevegg i tillegg. Ved å utvide arealet kring kunstgrasbana noko, bør det vere mogleg å kunne realisere ein enkel fotballhall over eksisterande kunstgrasbane, med noko tilleggsareal og nokre tilleggsfunksjonar. I denne samanheng viser vi til det dei har fått til på Kaupanger og hallen der som har bruttomål på 40x84 meter, som inkluderer fotballhall, padel-anlegg og skatehall. Prosjektet hadde ein totalkostnad på litt over 25 millionar og er blitt ein kjempesuksess, sjå lenkje til politisk sak om dette anlegget i Sogndal kommune i 2024:

<https://prod01.elementscloud.no/publikum/Documents/ShowDocument/5ac72eb8-cac7-496a-b9ef-fc393c80a79a/86983/370794>

Det hastar å få etablert eit anlegg på Hafslo og i Luster kommune som gjer at vi kan gjennomføre innandørs aktivitet året rundt. Ein kaldhall i Hafslo sentrum med ei kostnadsramme på 25-50 millionar gjennom spelemiddelordninga (Luster kommune har ikkje fotballhall i dag) betyr om lag kr.15 - 20 millionar i kostnader for Luster kommune. Hafslo IL har eigenkapital og dugnadsfolk, så dette handlar i første omgang om å få på plass mest mogleg areal kring eksisterande kunstgrasbane i sentrum i den pågåande arealprosessen. Så det er viktig at dette

Anleggsplan Hafslo IL 2026–2031



arealformålet vert lagt til rette for i pågåande planprosess for Hafslo sentrum, dvs at størst mogleg areal vert sett av til det aktuelle formålet. Så vil Hafslo IL jobbe vidare med detaljering, involvering og eit eventuelt vedtak på årsmøtet 12.februar 2026.

Nokre viktige punkt:

- Det er full aktivitet på kunstgrasbana i Hafslo sentrum både med organisert aktivitet og uorganisert aktivitet så lenge bana er fri for snø.
- Både Hafslo Barne- og ungdomsskule + ny barnehage hausten 2025 vil kunne nytte ein slik hall på dagtid året rundt. Området i Hafslo sentrum har fått mange nye anlegg siste åra i form av grillhytte, kajakknaust mm. Området i Hafslo sentrum er blitt ein naturleg samlingsstad for born og unge, men også for alle.
- Ein slik kaldhall vi skisserer ville kunne vere open for fri aktivitet og tilgjengeleg for alle utanfor organiserte treningstider, utan at ein treng å bestille tid i forkant slik som det er i dagens kommunale bygg. Erfaringane frå Kaupanger viser at hallen der er blitt ein stad der ungdomane møtest og kan henge i lag utanfor organisert aktivitet. Slike møtestader treng vi i Luster kommune på vinterstid.
- Hafslo IL må skifte dekke på kunstgrasbana i løpet av kort tid. Mtp. ny forskrift om bruk av gummigranulat som kjem i 2031, vil ein kaldhall gjere at Hafslo IL kan skifte dekke med anna fyll enn forbudt gummigranulat som ein del av prosjektet, og at vi slepp ein kostnad på mellom kr.3 -5 millionar som vi må ta uansett når den nye forskrifta trer i kraft.
- 15-20 millionar i kostnader totalt i eit 30-års perspektiv framover med tanke på kor mykje aktivitet eit slikt innlegg genererer, bør vere overkommeleg for Luster kommune trass i dagens situasjon og signal om strammare økonomiske rammer.

Dette er eit førebels nytt innspel frå Hafslo IL til den pågåande prosessen med områdereguleringsplanen for Hafslo sentrum som har positiv støtte i utvida styre i Hafslo IL. Vi ønskjer også å fasthalde behovet for fleirbrukshall i tillegg som allereie ligg inne. Så vert det jobba meir både med fotballhall og fleirbrukshall fram mot årsmøtet i Hafslo IL 12.februar 2026.

Vi ber i første omgang om at det vert lagt til rette for størst mogleg areal kring eksisterande kunstgrasbane i områdereguleringsplanen for Hafslo sentrum for ein fotballhall, slik at dette anlegget kan bli ein realitet så snart som mogleg etter at årsmøtet i Hafslo IL, andre lag og organisasjonar, skule og barnehage, politikarane og prosessen har fått sagt sitt. Slik status er på kapasiteten for mogleg innandørs idrett og samlingsstader på vinterstid på Hafslo i dag, så meiner vi at dette er eit veldig godt innspel, og er noko som bør leggest til rette for i pågåande planprosess.

Det er også mykje landbruksjord å ta av i området rundt kunstgrasbana på Hafslo for å få realisert ein fotballhall. I Gaupne er det slik vi oppfattar det ok å bruke

Anleggsplan Hafslø IL 2026–2031



landbruksjord til nytt helse- og omsorgssenter, men på Hafslø lite aktuelt. Hafslø IL vil presisere at vi støttar nytt helse- og omsorgssenter i Gaupne og at dette er viktig. Vi meiner likevel at vårt nye innspel har eit høgt samfunnsnyttig føremål for born og unge i Luster kommune i eit lengre perspektiv, og då bør det vere mogleg å ta i bruk litt landbruksjord og omdefinere evt andre arealformål for å få utvida moglegheitane for ein fotballhall som dekkar idretten sitt behov på det flotte sentrumsområdet vi har i Hafslø sentrum. Og at vi samstundes opprettheld moglegheitane for vidare utvikling med ein fleirbrukshall som dekkjer andre behov for idretten og andre lag/organisasjonar, skule, barnehage med fleire sitt behov i eit litt lengre perspektiv».

Rekrutteringsanlegg for alpint og friski i Banktrekket ved Sogn Skisenter (prioritering nr. 3 i anleggsplan 2023-2027)

I oppsummeringa i anleggsplanen som vart vedteken 21.02.2023 står følgjande under del 3 om dette anlegget:

«Dette er eit nytt innspel til anleggsplanen for Hafslø IL innspelt av alpint- og freeski-gruppa. Med tanke på rekrutteringa dei siste åra, er dette eit anlegg som bør prioriterast høgt i ny anleggsplan. Så må vidare arbeid med prosjektering og kostnader gjennomførast i dialog med alpint- og freeski-gruppa, og Sogn Skisenter framover. Mellom anna må det avklarast om dette er eit anlegg som Hafslø IL skal stå som eigar av, eller om vi skal oppmode Sogn Skisenter om å stå som anleggseigar med driftsavtale med Hafslø IL. Om årsmøtet støttar prioritering av dette anlegget, vil Hafslø IL prioritere å få utarbeidd meir konkrete planar, behov og kostnader for anlegget før innspelsfristen til «Kommunal plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv i Luster kommune 2024 – 2036» 1.mai 2023.»

Innspelet vart sendt til Luster kommune innan innspelsfristen, Luster Idrettsråd prioriterte anlegget høgt, men anlegget kom likevel ikkje med i den kommunale handlingsplanen 2024-2027.

Oppdatering om anlegget til årsmøtet 12.02.2026:

Aktiviteten og rekrutteringa ved Sogn Skisenter dei siste åra, tilseier at det er eit stort og akutt behov for å få realisert eit slikt anlegg. Luster kommune har heller ikkje eit slikt anlegg frå før.

Det er god dialog med Sogn Skisenter om å få realisert anlegget. Det er utarbeidd utkast til driftsavtale med Sogn Skisenter, med framlegg om at Sogn Skisenter står som søkjar, medan Hafslø IL har ansvar for prosjektering og finansiering.

Førebels totalkostnadsoverslag ligg på 4,6 - 5,3 millionar kroner, inklusiv snøproduksjon og lysanlegg, jf. e-post 19.01.2026.

Det har også vore dialog med Hoppgruppa og Alpint- og friskigruppa om at dette anlegget skal overta hoppanlegg K45 sin prioritet for søknad om spelemiddelgodkjenning i 2026, mot at K45 får prioritet for søknad om spelemiddelgodkjenning i 2027. Styret vurderer at Hafslø IL ikkje kan gjere vedtak om prioriteringar i vedteken kommunal handlingsplan, men at vi kan vedta ein

Anleggsplan Hafslo IL 2026–2031



anleggsplan med prioriteringar som signal til kommunen. Så vil det vere opp til Luster kommune ved politisk handsaming å gjere eventuelle om på prioriteringar eller gjere endringar i gjeldande planar og komande planar.

Anlegget er meir eller mindre klart for å kunne sendast inn spelemiddelsøknad for.

Rehabilitering og utviding av klubbhuset i Moane (prioritering nr. 2 i anleggsplan 2023-2027)

I oppsummeringa i anleggsplanen som vart vedteken 21.02.2023 står følgjande under punkt 3 om dette anlegget:

«Dette er eit nytt innspel til anleggsplanen for Hafslo IL. Klubbhuset i Moane vart bygd i 1984, og det er på tide med ei større oppgradering og utviding av klubbhuset. Innspelet er kome både frå fotballgruppa og andre som nyttar klubbhuset. Det er utvilsamt behov for ei rehabilitering og ikkje minst utviding, slik at klubbhuset vert universelt utforma og kan nyttast til større sosiale samankomstar og evt utleige til eksterne. Ved utviding, bør det også etablerast nytt garderobeanlegg. Det ligg ikkje føre konkrete kostnadsoverslag på bordet på grunn av kort frist for innspel til årsmøtet 2023, då dette vil vere avhengig av ei større kartlegging. Styret meiner likevel at dette er eit anlegg som bør prioriterast høgt. Anlegget i Moane har svært stor aktivitet, og vert nytta til fleire større arrangement. Rehabilitering og utviding av klubbhus (evt. nytt klubbhus) bør derfor prioriterast høgt i neste planperiode. Om årsmøtet støttar dette, vil Hafslo IL prioritere å få utarbeidd meir konkrete planar, behov og kostnader for anlegget før innspelsfristen til «Kommunal plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv i Luster kommune 2024 –2036» 1.mai 2023.»

Oppdatering om anlegget til årsmøtet 12.02.2026:

Det er komt innspel om at eksisterande tribuneanlegg ved kioskbygget kan rivast, og så kan vi bygge klubbhus/garderobe/tribuneanlegg i forlenging av kioskbygget.

Før innspel til kommunal handlingsplan 1.mai 2026 bør det vere utarbeidd meir konkrete planar og kostnadar.

Fleirbrukshall Hafslo (prioritering nr. 1 i anleggsplan 2023-2027)

I oppsummeringa i anleggsplanen som vart vedteken 21.02.2023 står følgjande under punkt 3 om dette anlegget:

«Det vart frå fotballgruppa si side ytra ynskje om at Hafslo IL skal arbeide for å realisere ein fleirbrukshall på Hafslo i 2019. Dei siste åra har det vore gjennomført ein prosess med områderegulering for Hafslo sentrum, der Hafslo IL har spelt inn ønskje og behov for ein fleirbrukshall i prosessen. På årsmøtet 17.03.2022 vart det vedteke ei nemnd for fleirbrukshall, og nemnda har hatt møte med kommunen og Hafslo IL har engasjert seg i prosjektet. Dette er eit stort prosjekt, der ein er avhengig av kommunal støtte og politisk arbeid. Eit slikt prosjekt er for stort til at Hafslo IL kan vera anleggseigar, men idrettslaget kan bidra med utgifter til drift og vedlikehald når det er realisert. På grunnlag av arbeidet som allereie er gjort, innspel frå medlemene og innmeldt behov, tilrår styret at dette vert Hafslo IL sitt

Anleggsplan Hafslo IL 2026–2031



høgast prioriterte anlegg i neste planperiode. Og at Hafslo IL saman med nemnda for fleirbrukshall jobbar aktivt mot kommunen for å få anlegget realisert i neste fireårsperiode.»

Oppdatering om anlegget til årsmøtet 12.02.2026:

Prosessens har synt at det har vore diskusjon om arealbehov og tilstrekkeleg speleflate for Hafslo IL sin del. Anlegget er også utsett i den kommunale økonomiplanen pga. usikkerheit kring kostnader med nytt helse- og omsorgssenter.

Dette er eit anlegg som det framleis er stort behov for på Hafslo gitt folkeveksten dei siste åra. Dessverre har prosjektet stoppa litt opp, pga usikkerheit med økonomi i Luster kommune. Det er sett av areal for anlegget i pågåande planprosess med områdereguleringsplanen for Hafslo sentrum. Trass usemje om konkret innhald og areal, og usikkerheit kring økonomi i kommunen, bør dette anlegget vere med vidare i kommunale planar med spelemiddelløying i neste planperiode.

Anlegg knytt til langrenn ved Sogn Skisenter - tidtakarbu/stadionbygg og garasjebygg for utstyr – nytt anlegg

Langrennsgruppa har spelt inn behov for tidtakarbu/stadionbygg i samband med etablering av rullerløype for langrenn mm. Slik situasjonen er i dag, er det dårlege fasilitetar for dette i samband med langrennsaktiviteten.

Det er utarbeidd og sendt inn eit kostnadsoverslag for eit slikt anlegg, jf. e-post 26.01.2026 , som syner estimert kostnad på kr. 3.141.000 for eit bygg på totalt 112m2 BTA/96,1 m2 BRA.

Langrennsgruppa har også meldt inn behov om å kjøpe inn trakkemaskin for langrennsløyper i samarbeid med IL Bjørn. Estimert kostnad kr. 1,5-2 millionar. Dette er noko som må vurderast i budsjettsamanheng og i dialog med IL Bjørn. Dei siste åra er det også kjøpt inn brukt snøskuter, rulle og løypekøyringsutstyr for å legge til rette for langrennsaktivitet.

Nytt utstyr krev også større bygg for lagring og oppbevaring. Det er derfor spelt inn ønskje om garasjebygg til dette føremålet på Sogn Skisenter. Det er utarbeidd og sendt inn eit kostnadsoverslag for eit slikt anlegg, jf. e-post 26.01.2026, som syner estimert kostnad på kr. 3.190.000 for eit bygg på totalt 160 m2 BTA/149 m2 BRA.

Dette er anlegg som krev samarbeid og dialog med Sogn Skisenter for å kunne realiserast.

Hoppbakke K45, Sogn skisenter (prioritering nr. 4) i anleggsplan 2023-2027

Anleggsplan Hafslo IL 2026–2031



For historikken til anlegget, viser vi i hovudsak til punkt 3 i anleggsplanen som vart vedteken på årsmøtet til Hafslo IL 21.02.2023.

I oppsummeringa i anleggsplanen som vart vedteken 21.02.2023 står følgjande under punkt 3:

«Styret i Hafslo IL tilrår at anlegget vert med vidare i neste planperiode, og at anlegget vert prioritert realisert så snart alle uavklarte forhold knytt til kostnader, Sogn Skisenter si vilje til å prioritere dette anlegget og behovet er betre utgreia.»

Oppdatering om anlegget til årsmøtet 12.02.2026:

Dette anlegget ligg inne som prioritert anlegg i den gjeldande kommunale handlingsplanen med prioritet for spelemiddelløyving i 2027. Anlegget er utgreidd og meir eller mindre klart for innsending av spelemiddelsøknad. Samstundes ligg det ikkje føre årsmøtevedtak eller driftsavtale med Sogn Skisenter om å prioritere dette anlegget på kort sikt.

Det er utarbeidd oppdatert notat om anlegget og utkast til driftsavtale. Det ligg også føre ei uttale per e-post frå Sogn Skisenter i e-post 27.01.2026, der signala er at Sogn Skisenter ikkje har kapasitet til å ha fokus på dette anlegget i nær framtid.

Det har også vore dialog med og innspel frå Hoppgruppa og Alpint- og friskigruppa om at friskianlegget skal overta hoppanlegg K45 sin prioritet for søknad om spelemiddelgodkjenning i 2026, mot at K45 får prioritet for søknad om spelemiddelgodkjenning i 2027. Styret vurderer at Hafslo IL ikkje kan gjere vedtak om prioriteringar i vedteken kommunal handlingsplan, men at vi kan vedta ein anleggsplan med prioriteringar som signal til kommunen. Så vil det vere opp til Luster kommune ved politisk handsaming å gjere eventuelle om på prioriteringar eller gjere endringar i gjeldande planar og komande planar.

K65-70 på Heggmyrane (prioritering nr. 6 i anleggsplan 2023-2027)

Dette går fram av anleggsplanen om dette anlegget som vart vedteken 21.02.2023:

«Først når desse bakkane vert realisert, vil noverande hoppanlegg i Kvam verte fullt ut erstatta og Sogn Skisenter kan få status som regionanlegg for nordiske greiner. Vidare utbygging av hoppanlegget utover nærmiljøanlegget (K10 og K19), vil konkurrera om både kapasitet og prioritering av andre anlegg som er under planlegging på skisenteret. Ut i frå samla ressursbruk, uavklarte forhold kring det å stå som anleggseigar og uavklarte forhold kring tilgang til naudsynt areal, gjer at Hafslo IL ikkje går inn for ei høg prioritering av å få realisert hoppbakkar K65-70 i løpet av den neste planperioden. Vi viser elles til det som går fram av vurderinga av K45 ovanfor.»

Status for anlegget er uendra til årsmøtet 12.02.2026, men anlegget bør vere med som uprioritert anlegg i tilfelle situasjonen endrar seg.

Anleggsplan Hafslo IL 2026–2031



Kunstgras på 11'ar bana i Moane (prioritering nr. 7 i anleggsplan 2023-2027)

Følgjande går fram av anleggsplanen for 2023-2027:

«Dette vil krevje at løpebanene vert avvikla fordi bana må utvidast i breidda. Kostnadsramma vil truleg ligge på rundt 10 mill + mva. I saksutgreiinga bak den kommunale løyvinga til kunstgrasbana i Gaupne, er det understreka at den nye kunstgrasbana i Gaupne skal dekke

fotballen sitt behov for kunstgrasbaner i heile kommunen. Dette er også hovudargumentet frå idrettsrådet for kvifor dette anlegget skulle prioriterast med kommunale løyvingar og spelemiddlar. Å få politisk aksept for nye store kunstgrasanlegg i Luster kommune kan derfor bli ein utfordring. Styret i Hafslo IL rår til at ein får inn dette anlegget i anleggsplanen då det er behov for eit slikt anlegg, men at ein ikkje prioriterer realisering av dette anlegget i neste planperiode. Så kan behov og moglegheiter utgreiast fortløpande i løpet av neste planperiode.»

Status for anlegget er uendra til årsmøtet 12.02.2026, men anlegget bør vere med som uprioritert anlegg i tilfelle situasjonen endrar seg.